

Eksamen

22.11.2019

HES2003 Yrkesutøving / Yrkesutøvelse

Programområde: Helseservicefag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Eleven viser fagleg kunnskap, ferdigheiter og haldningar i arbeidet i samsvar med kompetansemåla i yrket eleven har valt.</p> <p>Karakteren vert fastsett etter ei heilskapleg vurdering av arbeidet eleven utfører på eksamensdagen.</p> <p>Eleven skal grunngje og reflektere over det som vert lagt fram.</p> <p>Eleven skal vere i stand til å arbeide raskt, nøyaktig og effektivt i arbeidet.</p>

Du arbeider på Helseservice, Storgata 11, 0300 Oslo. Du bestemmer sjølv om du er tilsett som

- Apotekteknikar
- Helsesekretær
- Tannhelsesekretær
- Portør

Beskriv kort kor du jobbar.

Oppgåve 1

Louise Anderson er ein ung bloggar på 19 år som er kjent frå media. Ho kjem til Helseservice og fortel at ho har fått mange hatmeldingar etter nokre blogginnlegg. Ho er tilsett i eit firma, men driv med eigen blogg på fritida.

- a) Louise har vore sjukemeldt dei siste tre vekene. Bedrifta er ei IA-bedrift. Louise ynskjer informasjon og rettleiing om kva ei sjukemelding går ut på, og kva for rettar og pliktar det fører med seg for ho som tilsett.

Louise slit med psykiske problem etter blogginnlegga og ynskjer hjelp vidare.

- b) Du gjev ho informasjon og ei oversikt over kva slags hjelp og oppfølging ho kan få gjennom helsetenesta i kommunen og i spesialisthelsetenesta. Vis til aktuelt lovverk.
- c) Gjer greie for ein aktuell frivillig organisasjon som kan vere aktuell for Louise å oppsøke/delta i. Informer om kva for informasjon og bistand denne organisasjonen kan gje.

Oppgåve 2

I Helseservice er du oppteken av god service, profesjonalitet og tverrfagleg samarbeid kor dei yrkesetiske retningslinjene vert vektlagt. I dag møter du Angelika Olsen som er tydeleg irritert over ei behandling ho har fått tidlegare. Ho kjeftar høglytt på deg.

- a) Ta utgangspunkt i Angelika sin situasjon. Korleis ville du ha handtert denne situasjonen og kva for faglege refleksjonar gjer du deg?
- b) Det å vere fagleg forsvarleg i yrkesutøvinga di er viktig for deg. Kva inneber det?

Oppgåve 3

Helseservice skal ha ein temakveld om «Angst og depresjon hjå unge» 18. juni kl. 17.00. Leiaren din ber deg sende ein invitasjon til Louise Anderson. Det er dr. Olav Thommesen frå Mental Helse som er føredragshaldar. Helsesekretær Maryam Bashir vil halde eit innlegg om erfaringane sine med pasientar i sårbare situasjonar. Det vil bli servert pizza og mineralvatn/kaffi/te. Du har stillingsfullmakt. Skriv invitasjonen etter NS4129. Adressa til Louise Anderson er: Røsslyngveien 6, 0500 Oslo. Ta med eigne føresetnader. Bruk dagens dato. Føredraget skal haldast i Helseservice sitt store møterom. Påmelding kan sendast til Hege Ramstad innan 1. juni via e-post hramstad@helseservice.no.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Eleven viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i arbeidet i henhold til kompetansemålene i yrke eleven har valgt.</p> <p>Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeidet eleven utfører på eksamensdagen.</p> <p>Eleven skal begrunne og reflektere over det som legges frem. Hva, hvordan og hvorfor.</p> <p>Eleven skal være i stand til å arbeide raskt, nøyaktig og effektivt i arbeidet.</p>

Du arbeider på Helse-service, Storgata 11, 0300 Oslo. Du bestemmer selv om du er ansatt som

- Apotektekniker
- Helsesekretær
- Tannhelsesekretær
- Portør

Beskriv kort hvor du jobber.

Oppgave 1

Louise Anderson er en ung blogger på 19 år som er kjent fra media. Hun kommer til Helse-service og forteller at hun har fått mye hatmeldinger etter noen blogginnlegg. Hun er ansatt i et firma, men driver med egen blogg på fritiden.

- a) Louise har de 3 siste ukene vært sykemeldt. Bedriften er en IA- bedrift. Louise ønsker informasjon og veiledning om hva en sykemelding går ut på, og hvilke rettigheter og plikter det medfører for henne som ansatt.

Louise sliter med psykiske problemer etter blogginnleggene og ønsker hjelp videre.

- b) Du gir henne informasjon og en oversikt over hvilken hjelp og oppfølging hun kan få gjennom helsetjenesten i kommunen og i spesialisthelsetjenesten. Henvis til aktuelt lovverk.
- c) Gjør rede for en aktuell frivillig organisasjon som kan være aktuell for Louise å oppsøke/delta i. Informer om hvilken informasjon og bistand denne organisasjonen kan gi.

Oppgave 2


I Helseservice er du opptatt av god service, profesjonalitet og tverrfaglig samarbeid hvor de yrkesetiske retningslinjene blir vektlagt. I dag møter du Angelika Olsen som er tydelig irritert over en behandling hun har fått tidligere. Hun kjefter høylytt på deg.

- a) Ta utgangspunkt i Angelika sin situasjon. Hvordan ville du ha håndtert denne situasjonen og hvilke faglige refleksjoner gjør du deg?

- b) Det å være faglig forsvarlig i din yrkesutøvelse er viktig for deg. Hva innebærer det?

Oppgave 3

Helseservice skal ha en temakveld om «Angst og depresjon hos unge» 18. juni kl. 17.00. Lederen din ber deg sende en invitasjon til Louise Anderson. Det er dr. Olav Thommesen fra Mental Helse som er foredragsholder. Helsesekretær Maryam Bashir vil holde et innlegg om sine erfaringer med pasienter i sårbare situasjoner. Det vil bli servert pizza og mineralvann/kaffe/te. Du har stillingsfullmakt. Skriv invitasjonen etter NS4129. Adressen til Louise Anderson er: Røsslyngveien 6, 0500 Oslo. Ta med egne forutsetninger. Bruk dagens dato. Foredraget holdes i Helseservice sitt store møterom. Påmelding kan sendes til Hege Ramstad innen 1. juni via e-post hramstad@helseservice.no.



www.vigoiks.no/eksamen